

Diverre vart det ingen plass i finalen i Melodi Grand Prix på laurdagskvelden for uskedelingen Tore Sergei Myklebust og Helle Grankel samt Blue Moon Band. Den fengande pop-låta "Goodbye to yesterday" nådde ikkje opp i konkurransen mellom dei seks melodiane som var med i "Siste sjanse" på fredagskvelden. Trine Rein/Andreas Ljones og Jannicke Ambrahamsn var dei to som slapp gjennom nålauget.

- Men vi tar det med eit smil uansett korleis det går, sa Tore Sergei før konkurransen og dei som fylgde med i sendinga kan bekrefte at han gjorde nettopp det. Dessutan har han så mange spanande jarn i TV-elden for tida at det ikkje er nokon grunn til å fortvila. Han har i det siste dukka opp i sjølvaste Cæsar og 18. mars kjem han på skjermen i TV2-serien "Grip mikrofonen". Det er ein variant av "Beat for beat" i NRK.
- Ellers har han som kunstnarleg ansvarleg for Wallmanns Salonger mykje å gjera om dagen med ein stor auditionrunde med 400 håpefulle songarar og dansarar i Norge, Sverige og Danmark. Laurdag kveld var han på plass i Stockholm i samband med denne oppgåva.

Når det ellers gjeld sendinga på fredag var det ei overrasking at NRK ikkje let deltakarane i denne "B-finalen" få ein ny sjanse til å forbetra seg, men berre køyrde opptaka frå dei tre delfinalane ein gong til. Men dei fleste vil nok konkludera med at det var dei beste som vann.

Av Ola Matti Mathisen